



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT
Statsråden

Kommunane
Fylkeskommunane

Dykkar ref

Vår ref
07/2777-1 EVV

Dato 22 NOV 2007

Finansforvaltninga i kommunesektoren

Medieoppslaga dei siste dagane om finansforvaltninga i nokre kommunar har uroa meg. Difor skriv eg no til alle kommunane og fylkeskommunane i landet.

Kommunelova set rammene for finansforvaltninga i kommunesektoren. Etter lova § 52 skal kommunane og fylkeskommunane forvalta midlane slik at dei kan oppnå ei tilfredsstillande avkastning, men utan å ta vesentleg risiko eller å koma i fare for å misleghalda sine betalingsplikter. Lova pålegg at det einskilde kommunestyre og fylkesting tek ansvar for korleis dei skal disponera midlane sine gjennom å fastsetja dei nærare reglane for finansforvaltninga i eigen kommune og fylkeskommune. Reglementet for finansforvaltninga skal vera i samsvar med reglane i kommunelova om risiko.

Kommunelova gjev kommunane og fylkeskommunane stor fridom til å forvalta egne midlar. Eg ynskjer at dei lokale folkevalde skal ha ein slik fridom – og eit slikt ansvar – og at den einskilde kommune og fylkeskommune innanfor fastsette rammer skal kunna ta stilling til kor stor risiko kommunen er viljug til å ta på vegne av innbyggjarane. Dette set òg krav til at kommunesektoren kjenner ansvaret sitt og at iveren etter høg avkastning ikkje vert så stor at kommunen går inn i risikofylte investeringar som kan ramma dei som treng kommunale tenester.

Eg ber alle kommunar og fylkeskommunar gå gjennom finansreglementa og porteføljane sine og sjekka at reglementet er i samsvar med kommunelova, samt at dei disposisjonar som er gjorde, er i tråd med eige reglement.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Kopi til: Fylkesmennene